



## FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND

FOS

Det kongelige kunnskapsdepartementet  
Post 8119 Dep  
0032 Oslo

### **HØYRINGSUTTALE - FORSLAG TIL ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA OG MED TILHØYRANDE FORSKRIFER.**

Kommunane i FOS- samarbeidet i Sunnhordland – Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio har blitt samde om å gi felles uttale til endringane.

#### **1. Departementet føreslår å innföra eit uavhengig tilsyn med barnehagane, ved å gi Fylkesmannen heimel til å føra tilsyn med einskildbarnehagar**

Uttale:

FOS meiner forslaget er positivt sidan det dekker problemstillingar knytt til inhabilitet og uavhengig tilsyn. Forslaget fremtar legitimiteten og forhindrar problemstillingar som «bukken og havresekken». Vidare inneber forslaget ikkje noka innskrenking av kommunen si rolle som barnehagemynde, og tilsynsansvaret ligg framleis hos kommunen, som kjenner dei lokale forholda best. FOS har ei godt innarbeid regional tilsynsordning, men kan ikkje sjå at denne blir svekka ved innföring av forslaget. Vi har nedanfor gitt döme på nokre av dei særskilte tilfella der fylkesmannen bør ha tilsynsrolle:

- Tilfelle der kommunen har kontrollert det aktuelle forholdet gjennom sitt tilsyn, men kor forholda likevel ikkje er retta opp.
- Tilfelle der kommunen ikkje har sett i verk tilsyn og kor Fylkesmannen meiner tilsyn er nødvendig
- Tilfelle der kommunen sitt vedtak har openberre feil eller manglar
- Tilfelle der ein utifrå habilitet vil kunna ynskja ei uavhengig avklaring
- Tilfelle der Fylkesmannen ved tilsyn med kommunane avdekkjer lovbroter som blir oppdaga i den einskilde barnehage, og som knyter seg til eigarpliktene.

#### **2. Departementet føreslår å presisera heimelen for barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering**

FOS meiner det er positivt at krav til dokumentasjon og vurdering skal forankrast i barnehagelova § 2, men at det er avgjérande at det ligg føre ei presisering av kva som skal dokumenterast og vurderast. Det er i dag er svært mange vurderings- og dokumentasjonsverktøy rundt om i dei ulike barnehagane. I forslaget blir det sagt at barnehageeigar skal bestemma verktøy og dokumentasjonsmetodar, medan det til nå har vore den einskilde barnehage som stort sett har hatt hand om dette. Dersom eigar skal bestemma, må det etter vårt syn vera ein føresetnad at dette skjer i tett samarbeid med barnehagestyrar. Dette blir og poengtert i punkt 6.7 i høyringsutkastet : *I barnehageeigar sitt val av system, verktøy og observasjonsmetodar, er det derfor viktig å leggja til rette for fagleg samarbeid og medverknad frå styrar og pedagogisk leiar.* Retten til val av system, verktøy og observasjonsmetodar skal ha ei solid fagleg forankring og vera basert på grundige vurderingar

av nytte , relevans og validitet. Vala må sjåast i samanheng med nyare forsking og fagleg forståing, den pedagogiske praksisen og verdigrunnlaget for verksemda.  
FOS meiner vidare at ein bør vurdera nasjonale føringar for kva metodar og verktøy som skal brukast. Vi minner og om at system og metodar heile tida må sjåast i lys av borna sitt beste.  
FOS meiner endringane i dette punktet klart peikar fram mot at det bør vera krav om barnehagefagleg kompetanse i eigar sin administrasjon.

**3. Omgrepet barnehagelærar erstattar omgrepet forskolelærar som følgje av ny rammeplan for Barnehagelærarutdanning.**

FOS støttar dette forslaget og meiner det kan vera ei styrking av profesjonen.

Stord, 15.01.2015

Geir E Aga/s  
Bømlo kommune

Hilde Aartun Haraldseide/s  
Etne kommune

John Karsten Raunholm/s  
Fitjar kommune

Anne Sofie B Kjeka/s  
Kvinnherad kommune

Anita Heggebø/s  
Sveio kommune

Mariann Jacobsen Hilt /s  
Stord kommune/styrelieiar FOS

Jan T Enerstvedt  
Dagleg leiar FOS